

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Att.Ingrid Raniseth

Dato	08.07.2022
Vår referanse	2022/67955-3
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Tone Bøyum
E-post	Tone.Boyum@vlfk.no
Telefon	47781807

Tilbakemelding på merknad - Fv. 565 - Tilkomst - Detaljregulering for Austmarka Sør- Solstrand, gnr. 479 bnr. 111 mfl. - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til tidlegare korrespondanse.

Det er bedt om førehandsuttale til tilkomst til nytt planområde ved Austmarka i Alver kommune. I følgje kommunen er det ynskje om direkte tilkomst til fv. 565, i ei avkøyrsløse som i dag er nytta av eit avgrensa tal brukarar. Avkøyrsløse er planlagt stengt jf. reguleringsplan for Austmarka.

Planlagt utbygging skal legge til rette for omlag 20 nye bueiningar.

Uttale:

Alver kommune ber om ei førehandsuttale til planarbeid for Austmarka sør /Solstrand. Kommunen meiner den beste løysinga er direkte tilkomst frå fv. 565 til planområdet.

Vi la til grunn i førre tilbakemelding at fartsgrensa på staden er 80 km/t. De viser til som rett er at fartsgrensa er satt ned permanent til 60 km/t på strekninga, og ikkje berre i skuletida. Fartsgrensa har likevel ikkje avgjerande verknad på vår haldning at planarbeidet ikkje bør legge til rette for direkte tilkomst til fylkesvegen.

Vi er opptatt av planforslaget ikkje skal ha negative konsekvensar for trafikktryggleiken og framkome på fylkesvegen. Det er viktig å oppretthalde ein transportfunksjon på strekninga og at tal på avkøyrsløse frå fylkesvegen skal vere svært avgrensa.

Det er no under oppbygging av nytt kanalisert kryssområde på motsett side av fylkesvegen, kulvert under fylkesvegen og utbetring av eksisterande kryss mot Sæbø skule og «Bunnpris-tomta». Kryssa kjem tett på kvarande. Dersom ein ser for set å nytte seg av eksisterande avkøyrsløse så må dette også fullkanaliserast, utan at vi har vurdert dette meir i detalj.

På austsida av fylkesvegen, mot fjorden, er det avsett eit større areal til framtidig bustadområde, som dette planområdet er ein del av. Ved vidare utbygging innan dette området må ein vurdere framtidssretta løysingar for alle trafikantgrupper som kan fungere over tid. Ein kan ikkje lausrive mindre utbyggingar utan å sjå på potensiale for utbygging av heile det framtidige bustadområdet. Vi meiner området må vurderast nøye med tanke på den framtidig arealutviklinga, og at ein må ta omsyn til strøkskarakteren og opplevinga er det er å kome til Austmarka.

Etter ei konkret avveging av våre interesser i området kan vi ikkje sjå at det ligg til rette for at nye utbyggingsområder i området skal basere seg på direkte tilkomst frå fv. 565, og at ein ved vidare utbygging må nytte seg av eksisterande infrastruktur. Vi vil vurdere dei samla veginteressene når det vert meldt oppstart av planarbeidet.

Med helsing

Hege Løvteit
leiar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Tone Bøyum
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

Lillian Bakke Byrknes

STATENS VEGVESEN BERGEN KONTORSTED

Postboks 874 Sentrum